



Arkivsaknr: 2023/10634-72
Sakshandsamar: Marte Hagen Eriksrud
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Kommuneplanen sin arealdel-PlanID 46312022001-1. gongs handsaming

Utvalssak Utval

Møtedato

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vedtek utval for areal, plan og miljø å legge kommuneplanen sin arealdel ut på 1. gangs høyring og offentlig ettersyn i 8 veker.

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-12 blir det meldt at ved endeleg vedtak av kommuneplanen sin arealdel, blir følgjande kommunedelplanar oppheva:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad (vedtatt 2010)

Ved endeleg vedtak vil kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune gjelde ved motstrid framfor:

- Interkommunalplan for sjøareal i Region Nordhordland (vedteke av kommunestyra i 2023) planID: 4631_2021001.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre tekstlege endringar i plandokumenta fram til planen blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn.

Kommunedirektøren får fullmakt til å klargjere dei dokumenta som går fram av saksframlegget at skal vere klart til planforslaget blir sendt ut på 1.gangs høyring og offentlig ettersyn.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Utval for areal, plan og miljø (APM) vedtok den 15. juni 2022 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet var på høyring og offentleg ettersyn og vart vedtatt av kommunestyret 24. november 2022. Parallelt med høyring av planprogrammet var det opna opp for å gje innspel til planarbeidet. Arbeidet med utarbeiding av planforslaget er no ferdig. Saka gjeld 1. gangs handsaming av planforslaget til kommuneplanen sin arealdel, og vedtak om å legge planforslaget ut på høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med plan og bygningslova § 11-14.

Sakshistorikk

Kommuneplanen sin arealdel er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024.

Kommuneplanen er ein plan for korleis vi skal utvikle kommunen dei neste 12 åra. Planen består av to delar:

- **Ein samfunnsdel** med visjon, mål og vegval som seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida - og kva vi må gjere for å kome dit.
- **Ein arealdel** med juridisk bindande kart og føresegn som seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal legge til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal bygge nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, «Vår kommune – vår framtid», vart vedtatt av kommunestyret i mai 2022.

I dag er det seks planar som til saman dekkjer Alver kommune og som skal erstattast av kommuneplanen sin arealdel for Alver:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad (vedtatt 2010)

Hovudmål for planarbeidet: Kommuneplan sin arealdel skal bidra til at det er godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune.

Effektmål for planarbeidet:

1. Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal erstatte dei seks kommunedelplanane som per i dag, samla sett, er gjeldande overordna plan for Alver kommune.
2. Arealdelen skal følge opp føringar frå samfunnsdelen.

3. Ein felles plan vil samordne og oppdatere politikken som ligg i dei seks gjeldande kommunedelplanane.
4. Ein felles plan vil gje meir føreseielege rammer for innbyggjarar og næringsliv
5. Ein felles plan vil forenkle og effektivisere sakshandsaminga i Alver kommune

Organisering av planarbeidet


Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel er eit samarbeid mellom plan og utvikling, arealforvaltning (plan, byggesak, landbruk, kultur og eigedom), næring og andre relevante fagområde i administrasjonen. Planarbeidet er leia av plan og utvikling, ved prosjektleiar Marte Hagen Eiksrud. Multiconsult har vore nytta som konsulent på deler av arbeidet; mellom anna utarbeiding av kartlegging av funksjonell strandsone, deler av konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbarheitsanalyse. Utval for areal, plan og miljø (APM) har vore politisk styringsgruppe for planarbeidet.

Føringar og rammer for planarbeidet

Det er mange føringar for utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. Plan- og bygningslova, nasjonale og regionale føringar, forskrifter og anna lovverk. I tillegg skal kommuneplanen sin arealdel følgje opp kommunale føringar som lagt i planstrategi, samfunnsdelen til kommuneplanen og planprogrammet til arealdelen.

Planarbeidet bygger på eit omfattande kunnskapsgrunnlag, både eigne kartleggingar og utgreiingar utarbeida av Alver kommune, samt kunnskapsgrunnlag frå nasjonalt og regionalt hald.

Kommuneplanen sin arealdel gjeld for heile Alver kommune.



Figur 1 Omriss av planområdet

Om hovuddokument til kommuneplanens arealdel

Juridisk bindande arealplankart: Kartet viser kva arealføremål som gjeld i kommunen.

Arealplankartet gir i tillegg informasjon om omsynssoner, bandleggingssoner, faresoner,

byggegrense mot sjø m.m. Arealplankartet i pdf versjon er ikkje ferdig til skrivefristen for politisk sak, men skal vere klar til planforslaget blir sendt på høyring. Planforslaget med arealformål er vist i kartlag i NHkart (eiga boks på framsida): [KPA Alver Arealendringar 10.09.2025](#)

Kommunal- og distriktsdepartementet har fastsett nye teiknereglar for arealplankart (Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister). Arealplankartet som blir sendt på 1. gangs høyring er ikkje oppdatert i tråd med desse nye reglane. Det arbeidet skal gjerast til 2. gangs høyring.

Juridisk bindande føresegner og retningslinjer:

Føresegner er areala sin lovtekst. Føresegner er saman med plankartet (arealbruk, omsynssoner, føresegnsområde) juridisk bindande for framtidig arealbruk, jf. plan- og bygningslova § 11-6.

Plankart og føresegner skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar og søknadar om tiltak etter plan- og bygningslova kapittel 20. Tiltak etter plan- og bygningslova § 1-6 må ikkje vere i strid med arealføremåla i planen, generelle føresegner, eller føresegner knytt til arealføremål og omsynssoner.

Der det ikkje gjeld eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanen sin arealdel leggjast til grunn for avgjerd av søknad om løyve eller ved forståing av tiltak etter reglane i plan- og bygningslova §§ 20-2 til 20-5.

Retningslinjer er ikkje juridisk bindande, men gjev rettleiing om kommunen sin praksis og skjønnsbruk. Retningslinjer er i føresegnene vist i ramme med kursiv skrift.

Dei nye føresegnene for kommuneplanen sin arealdel vil gje like føresegner for heile Alver kommune på kommuneplannivå. For mange område vil det vere reguleringsplanar som gjeld og blir lagt til grunn for sakshandsaming av tiltak.

Det er eit mål om klart språk i føresegnene.

Planomtale: Planomtalen inneheld informasjon om rammer, planprosess, hovudgrep, konsekvensar og verknad av planen.

Konsekvensutgreiing: Plan- og bygningslova har krav om at kommuneplanen sin arealdel skal skildre planen sine konsekvensar og verknad for miljø og samfunn. Nye byggeområder må konsekvensutgreiast for å avklare om det er tilrådeleg å legge byggeområde inn i planen eller ikkje.

Risiko- og sårbarheitsanalyse: ROS-analysen skal vurdere om områder er eigna for utbygging til føreslått arealføremål eller ikkje, samt avklare aktuelle avbøtande tiltak. Det er berre areal som er tilrådd tatt med i planforslaget som er sendt til risiko- og sårbarheitsanalyse.

Tabell 1 Hovuddokument og vedlegg kommuneplanens arealdel

VEDLEGG NUMMER	PLANDOKUMENT KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL
-------------------	---

Planomtale		Omtale av formål, utviklingstrekk, hovudgrep, konsekvensar og samla verknad av planforslaget.
V 1	Plankart	Juridisk plankart og temakart skal vere klar til planforslaget blir sendt på høyring. Planforslaget med arealformål er vist i kartlag i NHkart (sjå boks på framsida): KPA Alver Arealendringar 10.09.2025 Vedlegg: - Temakart senterstruktur med lokal vekstsone og sentrumsutstrekning
V 2	Føresegner	Vedlegg: - Parkeringsnorm - Opplisting gards- og bruksnummer for bygde eigedomar i LNF med status som LNF-spreidd bustad og fritidsbustad, jamfør fastsette kriterier (vil vere klar når planen blir sendt på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn). - Oversikt over reguleringsplanar som vert vidareført uendra med omsynssone H910. - Oversikt over reguleringsplanar som ligg i føresegnssområder.
V 3	Konsekvensutgreiing- Hovuddokument med vedlegg	Vedlegg: - Konsekvensutgreiing av bustad - Konsekvensutgreiing av næring - Konsekvensutgreiing av fritidsbustad og fritids- og turistformål - Konsekvensutgreiing av naust, småbåtanlegg og hamn - Konsekvensutgreiing av LNF-spreidd næring - Konsekvensutgreiing av LNF spreidd bustad og fritidsbustad - Konsekvensutgreiing av andre arealformål - Tilbakeføre byggeformål til LNF - Endringar utan behov for KU og ROS
V 4	Risiko- og sårbarheitsanalyse	Vedlegg: Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse (vedtatt 19.06.2025)
V 5	Planprogram for kommuneplanen sin arealdel	Rammer for planarbeidet; planavgrensing, formål, tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, organisering, medverknad og framdriftsplan.
V 6	Kommunikasjons- og medverknadsplan	Målgrupper, kanalar for informasjon og hovudaktivitetar i medverknadsarbeidet.

V 7	Fagnotat Plangrep for bustadutvikling i Alver kommune	Notatet fastsett prinsipp for bustad i KPA. Grunnlag for å vurdere endringar i kartet.
V 8	Fagnotat Plangrep for naust, småbåtanlegg, småbåthamner og grønstruktur i og ved sjø	Notatet fastsett prinsipp for naust, småbåtanlegg, småbåthamner og grønstruktur i og ved sjø i KPA. Grunnlag for å vurdere endringar i kartet.
V 9	Fagnotat Vekstsone og sentrumsutstrekning i sentra	Fastsetting av sentrumsutstrekning og vekstsone for dei 7 sentera i Alver kommune.
V 10	Revisjon av kartlagte friluftsområde	Fagleg rapport og kartlag med oppdatering og revisjon av A-, B- og C-område for friluftsliv.
V 11	Kjerneområde landbruk	Fagleg rapport og kartlag med oppdatering og revisjon av kjerneområde landbruk; inndelt i matproduksjon og kulturlandskap.
V 12	Omsynssoner kulturmiljø H570	Fagleg rapport og kartlag med oppdatering og revisjon av omsynssoner kulturmiljø.
V 13	Kartlegging av naturmangfald	Fagleg rapport og kartlag som gjev oversikt over kartlagt naturmangfald.
V 14	Rapport for funksjonell strandsone	Fagleg strandsonerapport med kartlegging og fastsetjing av funksjonell strandsone.
V 15	Metode for vurdering av kommunale arealplaner-Planvask	Rapport med metode for kategorisering av eksisterande reguleringsplanar i Alver kommune.
V 16	Mulighetsstudie Sentera i Alver	Fagleg moglegheitsstudie om funksjon og rolle til dei definerte sentera i Alver kommune.
V 17	Moglegheitsstudie for næringsareal på Lindåsneset-Mongstad	Moglegheitsstudie for næringsareal på Lindåsneset - Mongstad
V 18	Arealrekneskap	Viser endringar i arealbruk frå gjeldande planar og til planforslaget. Arealrekneskapen vil vere klar når planen blir sendt på 1. gangs høyring offentlig ettersyn.
V 19	Arealreservar i Alver	Viser ubrukte arealreservar som ligg i dei gjeldande arealplanane (utarbeida i samband med planprogrammet).

Plantema

Det er gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) av forslag til endringar i planforslaget, i tråd med plan- og bygningslova § 4-3. ROS-analysen kartlegg potensielt uønskete hendingar, som inneber ei fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Metoden for ROS-analysen er basert på DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» frå 2017, samt kommunen sine vedtekne grenseverdiar for risiko- og sårbarheit.

Siste kapittel i ROS-analysen presenterer forslag til endringar basert på funn i analysen. Endringar som er gjort for konkrete areal, på bakgrunn av tilråding i ROS-analysen, er gjort greie for i KU-skjema for det aktuelle arealet.

Arealrekneskap og arealreserve

Vestland fylkeskommune har utarbeidd eit arealrekneskap for Alver kommune.

Rekneskapen viser arealbruken i dei seks gjeldande kommunedelplanane, samt arealbruken i planforslaget til arealdelen. Det omfattar både eksisterande utbygde område og arealreserven.

Gjennom kartløyisinga er det mogleg å visualisere endringar frå dei seks gjeldande planane til planforslaget. Arealrekneskapen kan ikkje publiserast før endeleg plankart er ferdig og innarbeidd i rekneskapen. I planomtalen, kapittel 5 *Konsekvensar og samla verknad*, blir det presentert tal frå arealrekneskapen. Desse tala skal oppdaterast når arealrekneskapen er oppdatert med vedtatt arealplankart. Arealrekneskapen skal vere klart til planforslaget blir sendt ut på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn.

Ved utarbeiding av kommuneplan er det krav om å vurdere arealreserven opp mot forventade behov. Det er gjennomført ei vurdering av arealreserven på alle byggeformål for å avklare kva areal som skal vidareførast i kommuneplan for Alver og kva areal som er tatt ut som byggeformål, og tilbakeført til LNF. Områder med byggeformål som er tilbakeført til LNF-område, er omtalt i KU, vedlegg 8 Tilbakeføre byggeformål til LNF. Arbeidet bygger på føringar fastsett i vedtekne planprogram, tabell 2.

Tabell 2 Vurdering av byggeområder (tabell frå planprogrammet)

Tema	Kva som blir vurdert
Vurdering av behov	Er det ledig kapasitet på areal med same arealformål i rimeleg nærleik?
Er arealet eigna for utbygging?	Terrengtilhøve, fareområde, naturfare, infrastruktur (veg, vatn, avløp og sløkkevatn), trafikktryggleik, klimatilpassing og omsyn til beredskap og samfunnstryggleik.
Er arealet/tiltaket i konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar?	Landbruk, friluftsområde, strandsone, vassmiljø, drikkevatn, viktige natur- og kulturverdiar, samt karbonrike areal (som myr).
Er arealet ei utviding av allereie utbygd areal?	Vurdere potensiale for utviding og transformasjon, før vi vurderer nye område for utbygging.
Har område/arealet lagt inne som byggeområde i	Ønske om å ha ein arealreserve som er realiserbar. Søkje å finne årsaker til at området ikkje er realisert; til dømes

lengre tid utan å bli realisert?	store rekkefølgjekrav eller manglande interesse i marknaden (gjeld berre urealiserte byggeområde i gjeldande planar)
----------------------------------	--

Samla verknader av planforslaget

Hovudtrekk i konsekvensar og verknad av planforslaget, er presentert i kapittel 5 i planomtalen. Kapittelet viser at planforslaget til arealdelen har ein reduksjon i det totale tal dekar som er sett av til byggeformål og at reserven i areal, samla sett er redusert.

Kategorisering av regulerings- og områdeplanar

I kommuneplanen sin arealdel er det gjort ei vurdering av kva status dei 366 gjeldande regulerings- og områdeplanane skal ha. I arbeidet er det identifisert 66 planar som utval for areal, plan og miljø (politisk sak 81/2025) har vedtatt å starte prosess med oppheving av.

Oppheving av ein plan følgjer same prosess som vedtak av ein ny plan; oppstart, offentleg ettersyn og vedtak i kommunestyret. Fram til eventuelt vedtak om oppheving, vil reguleringsplanane vere rettsleg bindande.

Endringar i føresegner og plankart kan som følgje av prosessen med oppheving bli nødvendig, og må takast med i arbeidet fram til 2. gangs høyring og vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Bygde eigedomar i LNF som får status som LNF-spreidd bustad

Politisk styringsgruppe (utval for areal, plan og miljø) vedtok 25.06.24: «*Utvalet vedtek at det er eigedomar registrert med bustad og fritidsbustad i landbruk-, natur- og friluftsområde, med status bygd i AR5, får status som LNF-spreidd eksisterande i arealdelen til kommuneplanen. Eigedomane vil gå fram ved opplisting av gards- og bruksnummer i føresegna eller som vedlegg til føresegnene til arealdelen til kommuneplanen*». Utarbeiding av lista på gards- og bruksnummer kan ikkje gjennomførast før plankartet er ferdig utarbeida. Lista skal vere klart til planforslaget blir sendt ut på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn, og vil bli eit vedlegg til føresegna.

Utvikling av sentera og bygdene i Alver

Hovudmål i samfunnsdelen; «*Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender*» og delmål; «*Nye bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeidsplassar er i stor grad lokalisert i definerte senter*». I arealdelen er det gjort vurderingar av arealreserve, forventa behov og gjort endringar for å følgje opp mål i samfunnsdelen.

Medverknad og kommunikasjon

Plan- og bygningslova § 5.1 gjev rammer for medverknad i planlegging. Det er utarbeida ein kommunikasjons- og medverknadsplan for heile planprosessen, som er vedlegg til planomtalen. Denne planen er revidert undervegs i planarbeidet, og inneheld informasjon om målgrupper, kanalar for informasjon og hovudaktivitetar i medverknadsarbeidet.

Aktivitetar og opplegg for gjennomføring av medverknad ved 1. gangs høyring og offentlig ettersyn, er presentert i kommunikasjonsplan for høyringsperiode, som er vedlegg til politisk sak. Det er viktig at innbyggjarane kjenner til at kommuneplanen sin arealdel er på høyring. Arbeidet med kommuneplanen er eit omfattande arbeid, og det skal gjennomførast 2 høyringsperiodar. Årsaka til at det blir varsla 2 høyringar, er for å vere tydelege på at det i 1. gangs høyring skal vere ein reell moglegheit til å kunne gjere endringar i planforslaget. Det skal i høyringsperioden inviterast til ulike medverknadsaktiviteter. Tid og stad for dei ulike tiltaka blir lagt ut på høyringssida etter kvart som det er avklart. For å sikre tilstrekkeleg tid til å gjennomføre alle aktivitetane, vert det tilrådd å utvide høyringsperioden frå 6 veker (som er minimumskrav i plan- og bygningslova) til 8 veker.

I kommunikasjonsplan for høyringsperioden er det lista opp kva kanalar som skal brukast til å nå ut med informasjon om planforslaget på høyring. To kanalar vart særleg drøfta i politisk styringsgruppe; SMS og utsending av brosjyre til alle husstandar.

Brosjyre

Det er om lag 13 000 husstandar i Alver. Prisoverslag på produksjon og utsending av brosjyre frå Grafisk Hus:

- Porto for fulldistribusjon til 12 703 husstander: 2.59 pr stk, totalt kr 32 900 eks mva.
- Trykking av 12 703 brosjyrar, 4 sider, A5: kr 13 270 eks mva.

I tillegg kjem arbeid med å utarbeide brosjyren. Kommunedirektøren meiner at det vil vere krevjande å utarbeide ein brosjyre om planforslaget, særleg når det skal gjerast på same tidspunkt som mange andre oppgåver og aktivitetar. Alver kommune sin Kanal- og servicestrategi 2022 – 2026, Satsingsområde 1: Digital kommunikasjon og sjølvbetening - *Hovudmål: Dei digitale kanalane er førstevalet til fleirtalet av innbyggjarane våre.* Med bakgrunn i ressursbruk, kostnad og satsingsområde 1 frå Kanal- og servicestrategien, tilrår ikkje kommunedirektøren utsending av brosjyre.

SMS-Varsling

Frå Kanal- og servicestrategi 2022 – 2026: *Vi brukar sms for å varsle om særskilte hendingar og viktig informasjon.* SMS blir brukt når kommunen må informere om hendingar som har direkte innverknad på kvardagen til innbyggjarane. Dette er til dømes informasjon om brot på vassleidning, kokevarsel, stenging av vatn og vegarbeid som fører til stengte vegar.

Ved utsending av SMS er det i utgangspunktet to alternativ; område- og adressebasert utsending. Områdebasert utsending (UMS-varsling) er eit system for å fange opp mobiltelefonar som oppheld seg i kommunen på det tidspunktet som SMS blir sendt ut. Rettleiar for områdebasert utsending set vilkår om at denne utsendinga berre skal nyttast i samband med akutte hendingar, og at utsending skal godkjennast av Politiet.

Alternativet for utsending av SMS vil difor vere adressebasert utsending. Kostnad for utsending er 0,73 øre per SMS. Alver har 30 206 innbyggjarar og ikkje alle innbyggjarar har mobil. Stipulert kostnad for utsending vil vere i underkant av 22 000 kr.

Kommunedirektøren tilrår bruk av SMS framfor brosjyre. Utsending av SMS vart brukt i samband med høyring av planprogrammet og innspelsperioden, og det vil vere eit argument for også å bruke det i høyring av planforslaget. Det må likevel understrekast at bruk av SMS i høyringsperioden av planar, må vere avgrensa til overordna planar, som kommuneplanen sin arealdel.

Prosess fram til endeleg vedtak

Planforslaget skal, jf. plan- og bygningslova § 11-14, vere på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Det er i prosessen lagt opp til dialog med regionale og statlege mynde.

Alle innspel som kjem fram i høyringsperioden blir vurdert av administrasjonen og lagt fram for politisk styringsgruppe (utval for areal, plan og miljø), med tilråding til om innspelet skal gje ei endring i planforslaget eller ikkje. Eit revidert planforslag skal utarbeidast, og sendast ut på 2. gangs høyring. Framlegg til endeleg plan skal til vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommuneplanen sin arealdel er den første arealdelen for den nye, samanslåtte kommunen. Vedtak av kommuneplanen er viktig for å sikre ein felles plan og felles rammer for den nye kommunen. Krav til prosess, kunnskapsgrunnlag og utforming av planen er omfattande. Høyringsperioden er forventa å gje nyttige innspel til eventuelle endringar, før eit omarbeida planforslag blir sendt på 2. gangs høyring. Endeleg vedtak skal gjerast av kommunestyret for Alver.

Kommunedirektøren tilrår at utval for areal, plan og miljø vedtek å legge planforslaget til kommuneplanen sin arealdel ut på 1. gangs høyring og offentleg ettersyn, i 8 veker, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Vedlegg

- 1 KPA Alver_Planomtale_1 gangs handsaming_10.09.2025
- 2 V 5_Planprogram_KPA Alver_Vedtatt 241122
- 3 V 6_KPA Alver_Kommunikasjons- og medverknadsplan
- 4 V 7_Fagnotat_Plangrep for bustadutvikling i Alver kommune
- 5 V 8_Fagnotat_Plangrep for naust, småbåtanlegg, småbåthamner og grøntstruktur i og ved sjø
- 6 V 9_Fagnotat_Vekstsone og sentrumsutstrekning i sentra
- 7 V 10_Rapport_Revisjon av kartlagde friluftsområder
- 8 V 11_Rapport_Kjerneområde landbruk
- 9 V 12_Rapport_Omsynssoner H570 kulturmiljø KPA Alver
- 10 V 13_Rapport_Kartlegging av naturmangfald

- 11 V 14_Rapport_Kartlegging av funksjonell strandsone
- 12 V 15_Rapport_Metode for vurdering av kommunale arealplaner
- 13 V 16_Mulighetsstudie Sentera i Alver_2022
- 14 Føresegner og retningslinjer
- 15 Vedlegg C Reguleringsplanar i omsynssone H910
- 16 Vedlegg D Reguleringsplanar i føresegnsområde
- 17 Vedlegg E Norm for parkering
- 18 KPA Alver_KU_Hovuddokument
- 19 KPA Alver_KU_Vedlegg 1 Bustad
- 20 KPA Alver_KU_Vedlegg 2 Næring
- 21 KPA Alver_KU_Vedlegg 3 Fritidsbustad og fritids- og turistformål
- 22 KPA Alver_KU_Vedlegg 4 Naust_småbåtanlegg_småbåthamn og hamn
- 23 KPA Alver_KU_Vedlegg 5 LNF spreidd næring
- 24 KPA Alver_KU_Vedlegg 6 LNF spreidd bustad og fritidsbustad
- 25 KPA Alver_KU_Vedlegg 7 Andre arealføremål
- 26 KPA Alver_KU_Vedlegg 8 Tilbakeføre byggeformål til LNF
- 27 KPA Alver_KU_Vedlegg 9 Endringar utan behov for KU
- 28 ROS-analyse Alver KPA 09.09.2025
- 29 Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse for Alver kommune_19.06.2025 (1)
- 30 KPA Alver_Kommunikasjonsplan for høyringsperioden